

Formannskapet i Austrheim kommune
Kommunestyret Austrheim kommune

Kaland 18.11.19

FAU/ SU v. Kaland barnehage
v. leiar Anne Kate Budalbakk
v. nestleiar Kamilla Solberg

Innspel til Budsjettkutt i Kaland barnehage.

Vi har fått informasjon om at Kaland barnehage skal kutte i stillingar dette året og. Som føresette ser vi at kutta er naudsynte, men vi stiller oss spørsmål med kvaliteten på tilbodet ettersom desse kutta trer i kraft.

Vi ser med særleg bekymring på at pedagogane ikkje blir erstatta i planleggingstida si. Det betyr at borna har mindre vaksne rundt seg. Noko av tryggleiken til foreldre og borna er at det er nok personale gjennom heile dagen. Borna treng nokon å prate med, hjelpe dei med praktiske ting, trøste når det treng, vere med i leik, rettleie, drive eit førebyggjande arbeid mot mobbing, drive språkarbeid, og prosjekt. Vi er redde for at Kaland barnehage går frå å vere ein barnehage med god kvalitet og godt med vaksne, til å vere ein oppbevaringsplass for borna våre.

Vi kan ikkje sjå at bemanningsnorma vert holdt i hevd når alle avdelingar går utanom denne ein dag i veka (for dei avdelingane med to pedagogar, gjeld dette to dagar i veka). I tillegg er jo personale aleine frå 7.15 – 08.00 på kvar avdeling og frå 15.30 – 16.30 på kvar avdeling – kvar einaste dag. I tillegg har personalet rett på pausar. Slik vi foreldre ser det så blir ikkje bemanningsnorma opprettholdt.

Vi veit og at Kaland barnehage ikkje klarar å oppfylle pedagognorma. Når pedagogane i tillegg skal vere vekke frå avdeling til planlegging, interne møter og prosjektmøter – då stiller vi oss spm om dette er fagleg forsvarleg? Skal ikkje Austrheim kommune søkje etter fleire pedagogar i Kaland barnehage?

Vi foreldre i Kaland barnehage ynskjer på det sterkaste at Austrheim kommune opprettheld vedtaket om å ta inn personale i planleggingstida til pedagogane (K-sak 068/14). Vi ynskjer at kvaliteten på tilbodet skal halde fram som no – og gjerne styrkast. I ei tid med sparing i alle ledd så skjønner vi at barnehagen ikkje kan ha så mykje personale – men å kutte alt på ein gong, år etter år – då klarer vi ikkje å sjå at dette er til det beste for borna.

Mvh
Anne Kate Budalbakk
Leiar FAU/SU

Kamilla Solberg
nestleiar FAU/SU